

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

Betre og meir data for forskinga!

Allmenmedisinsk forsking treng mange ulike metodar og mange typar data for å kunne oppfylle oppgåvene sine, som er å yte det akademiske bidraget til dokumentasjon og utvikling av faget vårt. Registerdata er ei viktig kjelde til nasjonal statistikk og beskrivande studiar av aktiviteten i faget. Men også for å finne samanhengar mellom ulike variablar hos pasientar og legar, samt samfunns effektar av kva enkeltlegar og til dømes heile fastlegeordninga har på utkomme som sjukmelding, bruk av legevakt eller spesialisthelsetenester. Den viktigaste kjelda til slike data er Kommunalt pasientregister (KPR).

Det kanskje ikkje alle i faget er klar over, er at innhaldet i KPR når det gjeld allmenmedisin, i hovudsak er henta frå rekningskorta som fastlegane og legevaktene sender til Helfo. Når Normaltariffen igjen er blitt forenkla og takstkodar vert slått saman, så forenkla vi arbeidet på kontoret, men svekker statistikk- og forskingskvaliteten. Vi har i tillegg ein god del utfordringar i bruken vår av ICPC, som ikkje er så nøyaktig som den burde. Spesielt har vi sett ein auke i bruken av uspesifikke kodar og tendensar til automatisert kodesetting.

Registerdata frå fastlegar og legevakt burde utviklast til det betre, ikkje til det verre. Eg ser ein fare for at det over tid blir dårlegare tilgang til spesifiserte aktivitetsdata. Vi treng ein diskusjon om balansen mellom forenkling av refusjonane og behovet for forskingsdata. Vi er ikkje tent med at desse datakjeldene skiller lag, og at allmenlegane i tillegg til eit forenkla rekningskort må fylle ut eit eige registerkort med aktivitetskodar for kvar pasient for å sette registerbehovet.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

Praksisveilederprisen til Michael Robert

Praksisveilederprisen for 2021 er tildelt Michael Benjamin Robert. Han jobber som fastlege ved Legegruppa SMS i Florø. Han har legeutdanning fra Praha i Tsjekia, og siden 2017 har han vært praksisveileder for studenter i allmenpraksis fra UiB. I år har

begge studentene som har vært i praksis hos Robert nominert ham til årets praksisveileder!

I begrunnelsen skriver en student at «Robert er flink til å legge til rette for en fornuftig planlegging av praksisoppholdet og at hans entusiasme samt faglige kompetanse bidro til at studenten følte seg trygg og sikker på praksisplassen.»

Prisvinneren selv uttalte under tildelingen at han stortrives på jobb hver dag, og forsøker derfor å vise hvor hyggelig og givende det er å være fastlege. «Det var kjekt og rørende å høre hva studentene skrev om meg i nominasjonene.»

Bok: Legers læring

Monika Kvernenes og Edvin Schei har nylig utgitt boken «*Legers læring - Veileder i medisinsk pedagogikk*» (Fagbokforlaget).

Boken gir praktiske råd om de mest sentrale pedagogiske oppgavene leger kan vente seg. Den inneholder råd om hvordan drive veiledning, gruppeundervisning, forelesninger, eksamensarbeid og studieplanarbeid i både grunn- og spesialistdanning av leger. I tillegg gir den en forskningsbasert innføring i fenomenet legers læring. Boken henvender seg til både erfarne og ferske leger, og alle som ønsker å utvide sitt eget repertoar av pedagogiske virkemidler.

Monika Kvernenes er førsteamanuensis i medisinsk pedagogikk og leder av Enhet for læring ved Det medisinske fakultet UiB. Edvin Schei er professor og spesialist i allmenmedisin. Begge er sentrale i arbeidet med utdanningskvalitet i fakultetet.

Nye folk i akademisk allmenmedisin

Det har i det siste vore nokre endringar i staben ved Fagområde for allmenmedisin ved UiB.

- Professorane **Edvin Schei** og **Gunnar T Bondevik** har begge auka opp til fulle stillingar.
- **Elisabeth Strømme** og **Knut Erik Emberland** er nye førsteamanuensar i 50% stilling.
- Det er tilsett to nye førsteamanuensar i bistillingar (20%). **Svein Kjosavik** er knytt til Vestlandslegen i Stavanger og **Kristian Jansen**

til KAD-avdelinga i Bergen kommune.

- **Dagrun Linchhausen** er tilsett som universitetslektor knytt til Bergen legevakt.

Det er også tilsett nye stipendiatar: **Ragnhild Stokke Lundetræ**, **Lars Haugom** og **Stan Hiestand**. **Beth Whelan** er tilsett som forskar i utdanningsprosjektet PROFMED. Til slutt nemner vi at professor i allmenmedisin **Sabine Ruths** har gått av med pensjon, men held fram som professor emerita.

Stipend frå AMFF

Allmenmedisinsk forskningsfond (AMFF) har hatt tildelingsmøte for eittårige doktorgradsstipend med oppstart hausten 2022. Fire søkarar frå vårt miljø vart tildelt midlar: **Anneli Borge Hansen**, allmenlege i Bergen, om legemiddelbehandling og oppfølging av depresjon i allmenpraksis.

Anita Hunsager, legevaktlege i Bergen, om akutt helsehjelp ved sjølvskade.

Jostein Myklevoll, fastlege på Stord, om vaktlegars handtering av raude responsar.

Sharline Rüiser, fastlege i Sogndal, om depresjonsomsorg i allmenpraksis.

Allmenmedisin 50 år ved UiB 1972-2022.**Vil du lese boka?**

I forbindelse med at det i år er 50 år sidan opninga av Institutt for allmenmedisin i 1972, er det utgitt ei bok på nesten 400 illustrerte sider om instituttmiljøet, undervisninga og forskinga gjennom 50 år, ispedd anekdotar, analyser og oversikter. Boka er digitalt tilgjengeleg på michaeljournal.no. Vil du ha den gratis tilsendt, send oss ein epost!

Forskaraskolen i allmenmedisin

Sidan 2013 har den nasjonale forskarskolen i allmenmedisin (NAFALM) fått meir enn 20 mill. kroner frå Forskningsrådet, men prosjektperioden er no ute. Den blir no vidareført på sparebluss som eit samarbeid mellom universiteta. På 2022-kullet har ti nye forskarar har fått plass. Sidan det første kullet har 118 forskarar deltatt og så langt har 51 disputert. Dei fleste er allmenlegar.